

Meld frå om nøyaktig plass for påkøyrd hjort og rådyr.

28.08.2018



Vegen frå Syne og Rød mot Kvernavikjo er den mest utsette plassen for påkøyringar. (Arkivfoto)

Kvinnherad Ettersøkslag bed alle merka seg plassen dersom ein er uheldig og køyrer på ein hjort eller eit rådyr. Ved avmelding er det viktig at ettersøkslaget veit nøyaktig kor ein skal starta leiting etter skadde dyr. Rød og Syne er den plassen i Uskedalen der det er registrert flest kollisjonar med dyr.

Tore Furdal i Kvinnherad Ettersøkslag bed alle vera merksame og melda frå om nøyaktig plass. Han ynskjer også at alle melder frå straks ulukka har funne stad. Merk plassen med dertil eigna merkemateriell. Alt dette lettar arbeidet for dei som kjem på plassen og skal starta søket.

Det er mykje rådyr for tida. Difor må ein rekna mest like mange påkøyringar på rådyr som på hjort. Den mest utsette plassen er på strekninga Syne - Kvednavikjo. I fjor var det også kollisjon på hjort i Fylkesvegen ovom Beinavikjo. Det var observert dyr i i hagane like ned mot sjøen. Den gongen førte ikkje søket fram til funn.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal